

Godt besøk av fornøgde middagsgjester.

06.07.2014



Jurgita Zemaitaitiene kjem med middagen til Thor Inge Døssland, Einar Gjertsen, Lise Karin Sæbø og Frode Sæbø

Gledeleg mange inntok i dag søndagsmiddagen på Saja Kafè. Her var både fastbuande og tilreisande som hadde det til felles at dei var i feriemodus med eitt unntak. Unntaket var uskedalen.no sin ustoppelige redaktør som inntok den delikate middagen med både notatblokk, kamera og PC- veska innan rekkevidde.

Felles for alle gjestene var at dei var svært så fornøgde med middagen dei fekk servert. Delikat tillaga og svært smakfullt og godt. Utvalget er og svært rikhaldig, og prisnivået er så vennlig at det er mogeleg for alle å nyitta seg av tilbodet.

Etter utvidinga er det no plass til opp mot 50 gjester i lokalet. Så langt eg kunne sjå, valde alle å eta middagen inne, medan nokre flytta utanfor og hadde kake og kaffi til dessert der då temperaturen innbaud til det.

Jurgita Zemaitaitiene som driv kafèen, seier at ho ikkje har kapasitet til ha ope alle dagar. Dersom kafèen ikkje er open, kan kundar ringe 966 94 804 så vert det ordna kjapt då ho bur i same huset. Det nummeret kan ein og ringe om ein vil bestille middag for å ta med seg heim.

Etter godt og vel 2 koselege timer fordelt både ute og inne, hadde til og med redaktør Ola Matti Mathisen fått føling med feriemoduset. Då følgjet skildest, var alle samde om det store potensialet Saja Kafè har som ein koseleg og sosial møteplass i bygda. Dette bør nyttast!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Thor Inge Døssland/ Ola Matti Mathisen.



Saja er også velegna som arbeidsplass, meiner redaktøren av uskedalen.no